



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2014/1015-23

Vår ref
18/2473-2

Dato
11. juni 2018

Rv 555 Sotrasambandet - Godkjenning av fylkeskommunal garanti

Fylkestinget i Hordaland gjorde den 07.03.2017, sak 17/2017, slikt vedtak:

- *Hordaland fylkeskommune garanterer ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa opp til om lag 2,7 mrd. kr, med tillegg av 10 pst. av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Den samla lånegarantien blir 3 000 mill. kr. Garantien blir gitt med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Garantien blir gitt under føresetnad om godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.*
- *Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 20 år. Innkrevjingsperioden kan i særskilte høve forlengjast med inntil 5 år. I tillegg skal garantien gjelde i ytterlegare 2 år, jf. § 3 i garantiforskriftene.*

Prop. 41 S (2017-2018) Gjennomføring av rv 555 Sotrasambandet i Hordaland som OPS-prosjekt med delvis bompengefinansiering har blitt behandla i Stortinget. Stortinget samtykte i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av rv. 555 Sotrasambandet i Hordaland etter vilkåra som går fram av proposisjonen.

I medhald av kommunelova § 51 nr. 1 godkjenner departementet fylkeskommunen sitt vedtak om å stille garanti for rv 555 Sotrasambandet i Hordaland. Det kjem fram av Prop. 41 S (2017-2018) at prosjektet skal inngå i det nye regionale bompengeselskapet Ferde AS.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Hina Ilyas
22 24 72 63

Godkjenninga er gitt ut i frå dei føresetnadane som ligg til grunn for søknad av 18. mai 2018. Ved endringar i føresetnadane, må ny søknad om godkjenning av garanti vert sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Hina Ilyas
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar